



Sandakaien og området innafor har vorte ein populær parkeringsplass - særleg for bubilar.

Men i dag fekk eigarane av kaien opp eit igodt synleg skilt som kunngjer at det er forbod mot parkering både av bubilar, telt og campingvognar. Skiltet står på Sjøhuset.

Problemet konsentrerar seg til bubilane, som det gjerne er 2-3 av om nettene no i turistsesongen. Parkeringa skjer framfor alt i helgane.

Det er utlendingane som parkerar og då spesielt tyskarane. Problemet konsentrerar seg til Sandakaien.

Men så kjem spørsmålet om kor bubilane skal parkera i Uskedalen heretter. Er det nokon som har eit godt forslag?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

